



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Måndag 16. juni kl.20.00
Stad:	Digitalt på google meet
Tilstades:	Magnus M. Aronsen, Anna Tveit, Øystein Østensen, Marcus Mannes, Carina Røthing Nilsen (vara med stemmerett), Magnus Molland (vara).
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre	
Forfall:	Amalia Lodden, Tiril Nævdal (vara).
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 17/2025	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 18/2025	Godkjenning av referat frå styremøte 31. mars 2025
RK-sak 19/2025	Rekneskapsrapport januar-mars 2025
RK-sak 20/2025	Rekneskapsrapport april-mai 2025
RK-sak 21/2025	Innkomne søknadar
RK-sak 22/2025	Landsleir 2025
RK-sak 23/2025	Registrering av speidarhytter og speidarhytteturen
RK-sak 24/2025	Ekstraordinært kretsting
	Eventuelt

RK-sak 17/2025: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknader

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 18/2025: Godkjenning av referat frå styremøte 31. mars 2025

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 31. mars 2025 vert godkjent.

RK-sak 19/2025: Rekneskapsrapport januar-mars 2025

Kretsleiar gjekk gjennom rekneskapsrapporten.

Ingen merknader.

VEDTAK: Rekneskapsrapport for januar-mars 2025 vert godkjent.

RK-sak 20/2025: Rekneskapsrapport april-mai 2025

Kretsleiar gjekk gjennom rekneskapsrapporten.

Ingen merknader.

VEDTAK: Rekneskapsrapport for april-mai 2025 vert godkjent.

RK-sak 21/2025: Innkomne søknadar

Kretsen har ikkje motteke nokon søknadar om stønad til roveraktivitetar våren 2025.

Kretsen har motteke ein søknad om stønad i forbindelse med deltaking på leiarkurs i ein anna krets. Kretsstyret ynskjer å godkjenne søknaden, då kretsen ikkje har arrangert leiarkurs sjølv. Søknadssummen er på 1647kr. Kretsstyret vil dekke heile summen med midlar frå post 7359 «Ledertrening utenfor krets».

VEDTAK: Kretsstyret godkjenner den innkomne søknaden om stønad i.f.m deltaking på leiarkurs i anna krets.

RK-sak 22/2025: Landsleir 2025

- Felles transport av speidarar og utstyr er ok. Siste informasjon om dette vart sendt ut denne veka. Alt er organisert av Førre Aksdal KM.
- Kretsstyrearbeid under kretsleiren:
Kretsstyret ynskjer å møtast ein gong i løpet leiren. Diskuterer nøyaktig tidspunkt vidare, men kanskje når speidarane er på haik?
Styret ynskjer også å gå rundt og besøke alle gruppene. For å høyre kva dei ynskjer frå kretsen, om dei treng noko støtte, kva dei tenkjer om vasskjelde på Lier o.l.
- Alle kretsane må ha ein kretskontakt på leiren. Melder inn Magnus M. Aronsen, kretsleiar.

VEDTAK: Kretsstyret tek informasjonen til orientering.

RK-sak 23/2025: Registrering av speidarhytter og speidarhytteturen

- Det kjem ein ny funksjon i min.speiding -> nasjonal oversikt over hytter. Dette krev at alle grupper og kretsar må bidra til å registrere sine hytter.
- Speidarhytteturen vert arrangert 11.-12.oktober. Dette har vore arrangert på austlandet i mange år, men det er no eit ynskje om at det vert eit nasjonalt arrangement. Ein kan melde seg på i løpet av juni. Alle som deltek kan bestille gratis hyttemerke innan 13.juli.

VEDTAK: Kretsstyret tek informasjonen til orientering. Meir informasjon om påmelding og registrering av hytter vert sendt ut til gruppene.

RK-sak 24/2025: Ekstraordinært kretsting

- Dato -> ein kveld ein vekedag i slutten av september. Møtet vert digitalt.
- Ordstyrar -> Hildegunn spør Marius Johannessen.
- Korleis skal me gjennomføre val? -> Alle stemmer i kommentarfeltet og teljekorpset tel over.

Me har to alternativ til vasskjelde, brønn eller ledning frå Liervatnet. Espen Fosse har laga ein oversikt over omtrentlege kostnader og fordelar og ulemper. Dette dokumentet vert sendt ut før sommaren saman med nokre refleksjonsspørsmål. Slik at gruppene kan diskutere saman på landsleiren. Kretsstyret vil også gå rundt og snakke med gruppene på leiren. Endeleg saksdokument vert laga etter sommarferien.

Uansett kva løysing me vel for vasskjelde på Lier, så må me forhandle fram ein ny leigeavtale med grunneigar.

- Val – Det skal veljast to kandidatar til valkomiteen, som ikkje blei valt ved det ordinære kretstinget. Hildegunn sender info til valkomiteen.
- Endring av retningslinjer – Retningslinjene våre for kretstingets årsmøte må endrast, då me vedtok på kretstingets årsmøte at arrangementet skal vere gratis. Hildegunn lagar saksdokument.

VEDTAK: Kretsstyret arbeidar vidare med førebuing til ekstraordinært årsmøte.

Eventuelt

- **Lage ny nettside?:** Kretsen har i mange år hatt ei offisiell facebook-side. For ei stund sidan forsvann denne og me har ikkje klart å få den tilbake. Kretsstyret vedtar å opprette ei ny side.
- **Neste kretsstyremøte:** 22-24 aug. Ynskjer ei fysisk samling.
- **Arrangement hausten 2025:** Kretsstyret planlegg/diskuterer dette vidare på neste kretsstyremøte. Kretsleiar har vore i dialog med leiartrenarane i NSF for eit samarbeid om leiarkurs og peffkurs. Forsøker å få dette til under kretsens helg 2025.
- **Arrangement for roverar/vandrarar:** Kretsstyret ynskjer å arrangere noko for roverar og vandrar hausten 2025. Gjerne noko ekstra kjekt som skapar engasjement. Kretsen har sett av 50 000kr til dette formålet. Kretsstyret planlegg vidare på neste kretsstyremøte.